

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voss.

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag:

Oppskr. av: Johannaes Lid (f. 1886)

Gard: Lid

(adresse): Botanisk Museum, Oslo 45. G.nr. 189 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- 1) Ja, dei fleste hadde joletre heilt frå det fyrste ~~1886~~  
eg minnest, frå 1890 minnest eg at dei hadde joletre  
anfares i Lidagardane.
- 2) Eg har ein tokk av at skikken ikkje var så svært gammal  
på Voss. Han Olav Bjørgum (f. 1861), adr. Voss, vil  
kunna fortelja om dei hadde joletre på Bjørgum då han  
var liten. Eg har gløymt kva ho mor fortalte om det.
- 3) I kyrkja hadde dei ikkje joletre. Den fyrste joletrefesten utanfor heimen eg minnest om, var i Renesskuhe-  
stova, ei lita skulestova som stod oppe under Vikes-  
hovden. Det må ha vore i 1890. tenkjer eg. Me gjekk  
rundt treet i tre ringar og song jolesongar. Men det  
som eg minnest best, og som eg ser for meg enno, var  
ein episode utpå kvelden då det tok til å verta kove-  
leg varmt i skulestova. Då skulle læraren, han Oddu  
Grønlien, trekkja frå spjeldet i ein slup opp igjennom  
lemmen. Då buste det ei spryta med sagamo nedover han.  
"Å desse stygge gutane" sa han. I 1891 bygde dei nytt  
skulehus i Palmafossen, og Renesskulestova vart flytt  
til Ronves. I ~~Palma~~fossen hadde me jeletre kvar jol.  
I Ungdomsforeningen, der eg var med frå 1900, hadde dei  
og joletrefest med joletre. *Dek var på Vangen.*
- 4) Ikkje serskild pynt i stova, pynten var på treet.
- 5) Sjå 4.
- 6) Heime nådde treet i taket, og var fest i ein bete der.  
I skulehuset gjekk det òg i taket. I Vonheim, huset  
til Ungdomsforeningen, var det 4-5 meter, men nådde  
ikkje i taket.
- 7) Det er mykje pynt, papirkorger, band og glitter, kuler  
og stjerner. Eple ~~er~~ hengde me på det og ymse slag bak-

verk som me kjøpte på Vangen, slikt som kransar og kringler og kakemenn og kakekonner. Jolestasen hadde ho mor ståande i ei øskja i kastedraget på lemmen frå jol til jol. Jolelysa støypte me sjølve og sette dei i metallklyper. Det kunne vera 6-8 lys på treet heime, mange, mange gonger fleire i skulen og i Ungdomsforeningen, i Nain og andre forsamlingshus på Vangen som det var jolefestar i.

- 8) Fyrst eg minnest var det ho mor som pynta treet, men etter kvart var me borna med på det. Då eldste syskini mine vart store, var det helst jentene som pynta treet. Me gutane var med å klypte til og fletta korger og annan stas, og var til stades heile tida.
- 9) Treet stod midt på golvet.
- 10) Om jolekvelden kveikte me joleljosa når dei var ferdige med stjornet og var komne inn or floren. Det kunne vera så i 6-tida. Så var det stell med jolegåver, og så var det ei togn medan kvennfolket var i floren og mjølka. Etterpå kveikte me ljosa att. Sidan i jola kveikte me dei av og til, det var nok kvar dag det.
- 11) Me gjekk i ring rundt treet, heldt eiannan i hendene og song jolesongar. Når me hadde songe 2-3 vers, snudde me og gjekk hin vegn for at me ikkje skulle verta ørne. Me song salmar og songar: Jeg er så glad hver julekveld. O jul med din glede. Glade jul, og ymse andre. Det var kje nynorske songar det fyrste eg minnest.
- 12) Heime stod treet fjorten dagar omrent. Det vart sett ut når nålene tok til å ryngja.
- 13) Me hausta ikkje treet. Epla hekk mest til pynt, men både dei og kakestasen vart teken og eten når det leid ut i jola.
- 14) Det var alltid gran. Berre ein gong hadde me fure ~~ett~~ til joletre heime, det kunne vel vera ikring 1898 eller så. Då hadde han <sup>så han</sup> sett på at det stod så fine furar opp i solhaug, og tok ~~vei~~ av dei. Men me gjorde det ikkje oppatt, det var liksom litt mindre helg med ei fure i stova.
- 15) Me kjende ikkje noko anna joletre enn det naturlege treet.
- 16) Jolebandet vart sett på ein staur.
- 1, 2, 3, 4) Halm hadde me ikkje inne i stova på golvet.

Dette er såleis som eg minnest det heime på Lid i 1890-åra.

Oslo 23. mars 1950

*Johannes Did*  
4147